




# Eigarskapsmelding Jotun Holding AS



Kommunestyret i Vang

19.09.2024



# Innhold

---

Side | 1

Formelt og juridisk grunnlag.....	2
Kommunelova .....	2
Aksjelova .....	2
Eigarskap, eigarstyring, kompetanse og habilitet.....	3
Eigarskap .....	3
Prinsipp for eigarstyring .....	3
Samansetning og kompetanse i styret .....	4
Habilitet og tillit .....	5
Andre grunnlagsdokument.....	5
Føremål med eigarskapet.....	5
Eigarinteresser.....	5
Samfunnsinteresser.....	6
Selskapet sitt hovudføremål.....	6
Forventningar til styret om utvikling av konsernet .....	6
Fokus på kjerneverksemd .....	6
Vekst gjennom samarbeid og partnerskap.....	7
Kompetanseutvikling.....	7
Forventningar til avkastning.....	7
Eigar sitt hovudmål for avkastning og verdiutvikling.....	7
Forventningar til finansiell utvikling .....	8
Rapportering .....	8
Oversikt over kommunalt eigarskap i Jotun Holding AS.....	8

# Formelt og juridisk grunnlag

## Kommunelova

Side | 2

Kommunelova seier i § 26-1 at:

*Kommuner og fylkeskommuner skal minst én gang i valgperioden utarbeide en eierskapsmelding som skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv.*


*Eierskapsmeldingen skal inneholde*

- a. kommunens eller fylkeskommunens prinsipper for eierstyring*
- b. en oversikt over selskaper, kommunale eller fylkeskommunale foretak og andre virksomheter som kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser eller tilsvarende interesser i*
- c. kommunens eller fylkeskommunens formål med sine eierinteresser eller tilsvarende interesser i virksomhetene nevnt i bokstav b.*

Denne eigarskapsmeldinga for Jotun Holding AS er knytt til den overordna eigarskapsmeldinga for Vang kommune, og er ei presisering av Vang kommune sitt føremål med eigarskapet, styringsprinsipp og forventningar til generalforsamling og styra i selskapet.

## Aksjelova

Eit aksjeselskap er ein eigen juridisk eining underlagt aksjelova av 13. juni 1997 nr 44. I eit AS har eigarane avgrensa økonomisk risiko for selskapet sine økonomiske forpliktingar. Selskapets øvste eigarorgan er generalforsamlinga. Gjennom vedtekter, instruksar og andre generalforsamlingsvedtak kan generalforsamlinga utøve sitt eigarskap, og sette rammer og nærare reglar for styret og dagleg leiar. Styret har det overordna ansvaret for at selskapet sin verksemd er i samsvar med eigar sitt føremål, selskapsvedtektene, eventuelle instruksar frå eigar og innanfor lovverket.



Kjelde: regjeringen.no

# Eigarskap, eigarstyring, kompetanse og habilitet

## Eigarskap

Kommunestyret i Vang vedtok i 2019 ny selskapsstruktur for Jotun Holding AS der det vart etablert eit holdingselskap med fire dotterselskap. Morselskapet er Jotun Holding AS. Dotterselskapa er Vang Energiverk AS, Jotun fiberinvest AS, Jotun kraftproduksjon AS og Jotunkraft AS. Jotun Holding AS eig 100% av aksjane i alle dotterselskapa. Vang kommune eig 100% av aksjane i Jotun Holding AS.

## Prinsipp for eigarstyring

Eigarskapsmeldinga for Jotun Holding AS er eit politisk styringsdokument. Ut frå eigarskapsmeldinga skal selskapsstyret utarbeide og oppdatere selskapet sine vedtekter og strategidokument slik at desse er i samråd med eigarskapsmeldinga. Vedtekter skal godkjennast av generalforsamlinga. Strategidokument for selskapa skal godkjennast av styret.

I Eigarskapsmeldinga for Vang kommune er det i punkt 4.5 lista opp følgjande overordna prinsipp for eigarstyring. Dei gjeld også for eigarskapet i Jotun Holding AS.

	<b>Vang kommune sine overordna prinsipp for eigarstyring</b>
1	Val om å etablere eit selskap og val av selskapsform skal bli basert på kommunen sitt styringsbehov for mål for verksemda
2	Vang kommune skal gje klare og langsiktige mål for selskapa. Styret er ansvarleg for å realisere måla.
3	Vang kommune skal fremme sine interesser ovanfor kommunale selskap gjennom eigarorgana.
4	Selskapet sin kapitalstruktur skal vera tilpassa føremålet med eigarskapet og selskapet sin situasjon.
5	Det skal vera openheit knytt til Vang kommune sitt eigarskap og selskapa sin verksemd basert på prinsipp om meiroffentlegheit, og at det blir lagt til rette for gode prosessar framfor møter i representantskapet / generalforsamlingar.
6	Selskapa skal vera bevisst på sitt samfunnsansvar og ha fokus på berekraftig drift og utvikling
7	Styret skal på eit uavhengig grunnlag ha ein aktiv rolle med omsyn til service , kontroll , strategi og ressursituasjon.
8	Styresamansetnad skal vera kjenneteikna av kompetanse, kapasitet og mangfald ut i frå selskapet si eigenart.
9	Godtgjersle til styret skal framstå som rimeleg ut i frå ansvar, kompetanse, arbeidsbyrde og verksemda sin kompleksitet. Lønsvivå for leiarar skal vera konkurransedyktig, men ikkje lønsleiande samanlikna med tilsvarende selskap innan sektoren.

10	Styret skal sjå til at selskapet har god internkontroll og hensiktsmessige system for risikostyring i forhold til verksemda sin karakter.
----	---

#### Side | 4 **Generalforsamling og valkomité**

- Ordførar i Vang kommune utgjer generalforsamlinga i Jotun Holding AS. Det er viktig å sikre offentlegheit og politisk forankring for eigarskapet. Derfor skal alle saker til generalforsamlinga i morselskapet Jotun Holding AS behandlast i formannskapet før generalforsamlinga. Ordførar møter i generalforsamlinga med bunde mandat og vedtak frå formannskapet.
- Ordførar utgjer generalforsamlinga i dotterselskapa.
- Generalforsamlinga vel styret for Jotun Holding AS og dotterselskapa i tråd med kapittel 6 i aksjelova.
- Valkomiteen skal bestå av tre medlem frå kommuneadministrasjonen. Valkomiteen skal utarbeide retningslinje for valkomiteen som godkjennast av generalforsamlinga.
- Styresamansetjing for morselskap og dotterselskap skal vere i tråd med eigarskapsmeldinga.
- Generalforsamlinga skal godkjenne valkomité, alle styreverv, og vedtekter for selskapsstyra

Aktiv eigarstyring inneber at kommunen gjennom sitt eigarskap skal sjå til at verksemdene jobbar aktivt med:

- openheitskultur
- utvikling i tråd med FNs berekraftsmål
- god internkontroll i tråd med lov og forskrift
- gode resultatmål
- høgt etisk og moralsk nivå i verksemda
- planmessig og god rapportering på økonomiske og strategiske mål og forventningar
- gode prosessar ved gjennomføring av val og strategiendringar.

### Samansetning og kompetanse i styret

Eigar har ansvar for å sikre at styret har den nødvendige kompetansen for å nå selskapet sine mål. Valkomiteen skal derfor innstille kandidatar til styret som gjev ein samla kompetanse best mogleg tilpassa selskapet sitt føremål og verksemd.

- Styrekompetansen skal vere komplementær og dekke fagområda økonomi, forretningsorganisasjonsutvikling og politikk. Styremedlem skal ha god innsikt i den verksemda og marknaden som selskapet operer i. Det er også viktig for eigar at styret har god forståing for kommunen sine vedtekne mål og strategiar, og forstår selskapet sitt føremål og samfunnsoppdrag.

- Styremedlem som sit i selskapsstyret vil vere inhabile til å behandle saker i kommunestyret. Kommunestyrerepresentantar i selskapsstyret skal derfor berre skje unntaksvis og etter konkret vurdering. Ordførar og kommunedirektør skal ikkje sitte i selskapsstyra, men har møte- og talerett.
- Kvant kjønns skal vere representert i alle selskapsstyrane i tråd med aksjelova §20-6 jmf. kommunelova §21-1.
- Dei ulike selskapa skal leggje til rette for opplæring av styremedlemmane sine roller, ansvar og oppgåver, og gjennomføre årleg eigenevaluering av styret med fokus på måloppnåing og strategisk utvikling av selskapet.

## Habilitet og tillit

Aksjelova §6-27, forvaltningslova §6 og kommunelova §11-10 ligg til grunn for verksemda i Jotun Holding AS. Styremedlem bør vere uavhengige og ikkje ha nokon økonomisk eigeninteresse i selskapet.

Styret skal utarbeide eigen rutine for handtering av habilitetskonfliktar i styresamanheng, og eigne etiske retningslinjer for bruk i selskapa.

## Andre grunnlagsdokument

Eigarskapsmeldinga legg KS sine prinsipp og forvaltningskrav for eigarskap, selskapsleiing og kontroll til grunn.

## Føremål med eigarskapet

---

Vang kommune sitt eigarskap er motivert ut i frå både politiske, finansielle og samfunnsmessige omsyn. Det politisk motiverte eigarskapet er retta mot styring av nettselskapet sin verksemd. Det finansielle eigarskapet har mål om å sikre at investert kapital og selskapet sine ressursar oppnår best mogleg avkastning over tid. Dei samfunnsmessige forholda er knytt til at Jotun Holding AS er ein relativt stort og kapitalsterkt selskap i kommunen som har ei viktig rolle i næringslivet og eit samfunnsansvar utover eigen verksemd.

## Eigarinteresser

Vang kommune sitt føremål med eigarskapet skal vere å:

- Sikre infrastruktur og leveranse av elektrisitet og fiber i kommunen
- Optimal utnytting av dei samla kraftressursar som Vang kommune rår over
- Bidra til samfunnstryggleik og beredskap i Vang kommune

- Bevare verdier og ha fokus på langsiktig avkastning og akseptabel risiko i investeringane. Selskapet skal ha eit risikodokument for krafthandel.
- Avkastning på investert kapital og forutsigbart utbytte
- Sikre lokal styring og kontroll over verdiane i selskapet, gjennom lokalt eigarskap og aktiv eigarstyring.
- Skape og utvikle trygge arbeidsplassar og tilby attraktive karriereveggar for dei tilsette

## Samfunnsinteresser

- Selskapet skal som eigar av Vang Energiverk AS ivareta forsyningsikkerheit og beredskap iht krav frå NVE
- Selskapet skal være serviceorientert og aktiv deltakar i å utvikle eit levande lokalsamfunn i kommunen
- Selskapet skal bidra til industrivekst i kommunen gjennom å:
  - ivareta og utnytte størrelsen på bedrifta
  - være ein utviklingsaktør og igangsetjar av infrastrukturprosjekt
  - realisere synergjar med annan infrastrukturverksemd i kommunen

## Selskapet sitt hovudføremål

Jotun Holding AS har direkte eller indirekte gjennom eigarskap i dotterselskap, som føremål å

- sørge for ei tidsmessig og miljøvenleg energiforsyning med basis i Vang kommune sine ressursar
- oppretthalde ei optimal utnytting av dei samla kraftressursar som Vang kommune rår over
- arbeide for at samla energiressursar i Vang skal nyttast aktivt for å ivareta eksisterande og ny næring
- drifte Eidsfoss kraftstasjon
- utvikle anna verksemd ved mellom anna å bidra til å fremje næringsutvikling innanfor ramma av eigarskapsmeldinga samsvar med kommunen sine mål

## Forventningar til styret om utvikling av konsernet

---

### Fokus på kjerneverksemd

- Drifte og vidareutvikle selskapets kjerneverksemd innan nett, kraftproduksjon, kraftsal til konsumentar i Vang og engroshandel, entreprenørverksemd, fiber og annan nærstående verksemd

- Evne å endre og tilpasse kjerneverksemd i tråd med marknadsmoglegheiter til beste for bedrifta og kommunen
- Ha fokus på å vidareutvikle ei moderne og effektiv kjerneverksemd kjenneteikna av god drift, beredskapsfokus og vidareutvikling
- Skal ivareta både bedriftsøkonomiske og samfunnsøkonomiske interesser

## Vekst gjennom samarbeid og partnerskap

- Selskapet er med i REN (kunnskapscenter for kraftoverføringsnettet) og Nettalliansen og disse er våre strategiske partnerar med fokus på framtidsetta samarbeidsløysingar for kjerneverksemda både på mor- og dotternivå, herunder FoU og innovasjon. Industrielt og finansielt partnerskap skal vurderast om det kjem lokale investeringsmoglegheiter som Jotun Holding AS med dotterselskap av omsyn til risiko ikkje bør lyfte åleine. Slike investeringar og partnerskap skal føreleggast generalforsamling før avgjersle blir teken.
- Strukturelle endringar og eventuell ny verksemd utanfor dagens kjerneverksemd skal vere i tråd med eigarmeldinga og avstemmast med eigar.

## Kompetanseutvikling

- Satse på kompetanseutvikling og stå fram som ein attraktiv bedrift for samarbeidspartnerar og noverande og framtidige arbeidstakarar
- Vidareutvikle kjerneverksemda og støttefunksjonane ut frå høge krav til kompetanse og effektivitet, og samtidig jobbe aktivt med kompetansebygging innan forretningsutvikling og nye forretningsområde
- Kulturbygging og kompetanse innan leiing, kompetanseutvikling og samhandling skal være et konkurransefortrinn for selskapet
- Internkontroll, HMS og risikostyring skal prioriterast

## Forventningar til avkastning

---

### Eigar sitt hovudmål for avkastning og verdiutvikling

- Minimumsavkastning frå Jotun Holding AS skal være på same nivå som annan kapitalplassering med tilsvarende marknadsrisiko. Dette vert konkretisert nærare i styringsdokument for dei ulike selskapa.
- Dokumentere marknadsverdien på selskapet med dotterselskap gjennom verdivurdering kvart 4. år
  - Verksemdene i Jotun Holding AS skal understøtte utvikling av verdijustert/reell eigenkapital
  - Marknadsverdien på aksjane skal vekse over tid. Mål for verdiutvikling i selskapet vert nærare fastsett basert på verdivurdering av selskapet, med dei ulike verksemdsområda



# Forventningar til finansiell utvikling

---

Side | 8

Selskapet skal ivareta ei langsiktig finansiell utvikling av verksemda

- Sikre finansiell lyfteevne for å gjennomføre selskapets strategi
- Ivareta aksjonærinteressene ved å:
  - Møte krav til avkastning og verdiutvikling
  - Bidra til utvikling og vekst i Vang kommune
- Vang kommune er oppteken av at nivå på utbytte til eigar skal balansere kravet om høgt utbytte med selskapet sitt behov for kapital til å utvikle verksemda i tråd med intensjonane i denne eigarstrategien. Høg verdiskaping vil gjera til at selskapet kan dele ut stabile og høge utbytte over lang tid. Selskapet kan få behov for forsterka kapitaltilgang ved større investeringar.
- Kapitalbehov og -kjelder vurderast av styret og leiinga, som ein del av den strategiske utviklinga

## Rapportering

---

Eigarskapsmeldinga for Jotun Holding AS vert revidert i kvar kommunestyreperiode, eller når kommunestyret med fleirtalsvedtak eksplisitt ber om revisjon. Årsmelding og rekneskap for Jotun Holding AS vert lagt fram som referatsak for kommunestyret kvart år. Kommunestyret skal også orienterast om andre prinsipielle endringar i vedtekter, selskapsstruktur og liknande. Styret skal sørge for at det gjennomførast eigarmøte årleg.

## Oversikt over kommunalt eigarskap i Jotun Holding AS

---

Org.nr	925 066 885
Forretningsadresse	Tyinvegen 4861, 2975 Vang i Valdres
Kontaktperson	Adm dir jf <a href="http://www.brreg.no">www.brreg.no</a>
Stiftet	20.04.2020
Aksjekapital	Kr 18.030.000
Marknadsverdi	(skal dokumenterast kvart fjerde år)
Selskapet sitt hovudføremål	Direkte eller indirekte gjennom eigarskap i dotterselskap: å sørge for ei tidsmessig og miljøvenleg energiforsyning med basis i Vang kommune sine ressursar og gode. Å gjennomføre/oppretthalde ei optimal utnytting av dei samla kraftressursar som Vang kommune rår over. Å arbeide for at

	samla energiressursar i Vang skal nyttast aktivt for å ivareta eksisterande og ny næring. Å drive anna verksemd ved mellom anna å bidra til å fremje næringsutvikling i samsvar med kommunen sine mål.
<b>Eigarskapet:</b>	
<b>Føremål med eigarskap</b>	Politisk eigarskap av selskapets nettverksemd, fiber og sluttbrukarsal av straum. Finansielt eigarskap av kraftproduksjon, med større krav til utbyte.
<b>Eigardel</b>	100,00%
<b>Innskote eigardel</b>	Kr 30.000 ( innskot frå Vang kommune ) kr 18.000.000 i samband med emisjon.
<b>Ansvarleg lån</b>	Kr 14.000.000 (til dotterselskap Vang Energiverk A/S)
<b>Forventning</b>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1) Nettutbygging til sluttbruker varetek kommunens interesser for sikker straumleveranse til sluttbruker til riktig pris.</li> <li>2) God dekning på fiber</li> <li>3) God drift og vedlikehald av kraftproduksjon</li> <li>4) God forvaltning av kommunens kraftrettar og eigenproduksjon.</li> </ol>
<b>Dotterselskap</b>	Vang Energiverk A/S -100% Jotun Kraftproduksjon A/S 100% Jotun Fiberinvest A/S - 100% Jotunkraft A/S 100%
<b>Generalforsamling</b>	Ordførar med vedtak frå formannskapet
<b>Selskapsstrategi</b>	Vedteken 2020
<b>Selskapsavtale</b>	Ny konsernstruktur vedtatt 2020
<b>Skille monopol og konkurranseutsett næring</b>	Selskapet har begge områda, og har skilt dette ut i egne selskap. Selskapet må likevel ha god dokumentasjon på riktig kostnadsfordeling mellom selskapa.

### Versjonslogg

Versjon 1, vedtatt i kommunestyret 15.02.24

Versjon 2, vedtatt i kommunestyret 19.09.24